

PRESSEMELDING

REKORDRESULTAT FOR ALSAKER KONSERN I 2016

Alsaker-konsernet, som er konsernselskapet til Alsaker Fjordbruk, fekk eit resultat før skatt på kroner 710 millionar i 2016. Med ein omsetnad på kroner 1.757 millionar gir dette ein resultatmargin på 40,4 %.

Alsaker er eit vertikalintegreert oppdrettskonsern med produksjon av laks. Konsernet dreiv i 2016 5 smoltanlegg, 22 matfiskkonsesjonar og eit slakteri.

Produksjonen i konsernet skjer i 13 kommunar: Bømlø, Etne, Fusa, Kvam, Kvinnherad, Meland, Sveio og Tysnes i Hordaland, samt Haugesund (Røvær), Rennesøy, Suldal, Tysvær og Vindafjord i Rogaland.

I 2016 produserte konsernet 32.500 tonn laks, mot 31.500 tonn året før.

Produksjonsmessig har 2016 vore eit heller svakt år for konsernet. Produksjonsvolumet gjekk likevel litt opp samanlikna med 2015, medan slaktevolumet var stabilt. Det er framleis mykje tilveksttap i samband med avlusing av laks.

Ved utgangen av 2016 var det 232 fast tilsette i konsernet. Konsernet har godt kvalifiserte og motiverte personar i alle ledd i organisasjonen.

Den internasjonale marknaden for laks har vore prega av ein sterk etterspurnad også i 2016. Dette, kombinert med at det globale tilbodet av atlantisk laks blei redusert med 4 %, resulterte i at gjennomsnittleg pris på laks eksportert frå Norge auka med 36 % samanlikna med året før.

Konsernet har brukt over 125 millionar kroner i utviklings- og innovasjonsprosjekt i 2016.

| Alsaker Konsern | | |
|---|-------------|-------------|
| (Alle tal i mill. NOK) | 2016 | 2015 |
| Sum driftsinntekter | 1 757,1 | 1 165,6 |
| EBITDA | 786,6 | 271,0 |
| Driftsresultat | 700,4 | 194,3 |
| Resultat før skatt | 710,3 | 182,3 |
| Konsernrekneskapen for Alsaker er utarbeidd etter norske rekneskapsreglar (NGAAP) | | |

Bokført eigenkapital i konsernet var ved utgangen av året på kroner 1.031 millionar – noko som gir ein eigenkapitalandel på 52 %.

€€€€€

Har De spørsmål, eller ynskje om ytterlegare kommentarar, kan De ta kontakt med adm.dir. Gerhard Meidell Alsaker, telefon 53 43 01 10, eventuelt mobil 90 10 5000.